




NOR⇌C

ÅRSRAPPORT

2020





INNHALDSLISTE

- 1 Leiarens fråsegn
- 2 Introduksjon til verksemd og hovudtal
- 3 Aktivitetar og resultat i 2020
- 4 Styring og kontroll i verksemda
- 5 Vurdering av framtidsutsikter
- 6 Årsrekneskap

Norec

Firdavegen 2

PB 461

6803 Førde

www.norec.no

Tlf: 57 99 00 00

E-post: norec@norec.no



[@NorecNo](https://twitter.com/NorecNo) [#NorecNo](https://www.instagram.com/NorecNo)

1 LEIARENS FRÅSEGN

2020 var året då Norec skulle samle alle lause trådar og starte for fullt i Førde. I 2017 vart det intern uro då det vart vedtatt at dåverande Fredskorpset skulle flyttast frå Oslo til Førde. I 2018 flytta vi og skifta ut 75 prosent av alle tilsette. I 2019 fekk vi ny instruks og nytt namn, og i 2020 skulle vi gje alt for å løfte globale partnerskap fram mot 2030 og få mellom 600 og 700 personar på utveksling.

Slik gjekk det ikkje, og vi veit alle kvifor: Den globale koronapandemien gjorde at grenser vart stengde, og ingen kunne reise på utveksling mellom land.

Meldinga frå statsråden var klar: gjer det de kan for å halde globale partnerskap gåande! Så i dei neste månadane, utan å kunne sende medarbeidarar og frivillige på utveksling, så heldt verksemdene samarbeidet gåande via digitale verkemiddel.

Kompetanseutveksling via skjerm, med lyd og bilete vart den nye normalen. Dette gav plutseleg fleire enn berre dei som skulle vore på utveksling ein sjanse til å delta i diskusjonen. Fråværet av deltakarar som skulle ut i verda for eit år, gav sjansen til tidlegare deltakarar om å bli med å utvikle verksemda endå meir.

Alle i Norec – frå deltakarar, via partnerkontakter, og tilsette i Førde – alle har sett etter nye moglegheiter for internasjonalt samarbeid, og vi har funne det vi såg etter: alternative metodar for å auke overføring av kompetanse mellom menneske og verksemdar. Innovative løysingar som er ikkje erstatning for utveksling, men komplementære slik at fleire kan bli med, og slik at vi ikkje treng å fly nett så mykje i framtida som vi har gjort til no.

2020 var eit annleis år. Og av alle ting vi lærte så er det at menneske i verda er vove så tett saman at eit virus kunne spreie seg globalt til ein pandemi. Kún globalt samarbeid kan stoppe spreinga og sørge for at alle som skal verte vaksinerte blir det. Samarbeid trumfar åleinegong meir enn nokon gong.

Førde, 1. mars 2021

Jan Olav Baarøy
Direktør



2 INTRODUKSJON TIL VERKSEMD OG HOVUDTAL

Norec og samfunnsoppdraget vårt

Norec er ein del av Norges samla innsats for å realisere dei overordna måla i norsk utviklingspolitikk. Gjennom gjensidig kompetanseutveksling skal Norec støtte globale partnerskap i sitt arbeid i å nå FN's berekraftsmål. Mandatet er fastsett av Stortinget, og stadfestar at Norec skal:

- Gjennomføre utvekslingsprogram mellom Norge og samarbeidsland, og mellom ulike samarbeidsland. Programma skal bygge på gjensidige partnerskap.
- Vere eit kompetansesenter for utvekslingsverksemd, og aktivt støtte opp om prosjekt-partnarar og utvekslingsdeltakarar med kursverksemd, rettleiing og oppfølging. Norec skal dermed legge til rette for erfaringsutveksling og læring, og bidra til nettverksbygging og utvikling av ungt leiarskap.
- Gjennom si utvekslingsverksemd bidra til Norges samla innsats for fagleg samarbeid. På grunnlag av utviklings- og resultatmål som utarbeidast for prosjektpartnarane i fellesskap, skal Norec skape resultat ved tilbakeføring av kunnskap til eige samfunn, styrking av institusjonar, forvaltningsorgan, næringsliv og siviltt samfunn, og engasjement for utvikling.
- Strukturere sine utvekslingsprogram slik at utvekslingsdeltakarane bidrar til fagleg utvikling både under utveksling og etter at dei kjem heim igjen til eige samfunn.
- Gjennom utvekslingsverksemda og det faglege samarbeidet bidra til gjennomføring av berekraftsmåla, irekna globale partnerskap, og legg særleg vekt på å fremme menneskerettar, kvinners rettar og likestilling, klima- og miljøomsyn og kampen mot korrupsjon.



GJENSIDIGHEIT - VÅR KJERNEVERDI

Gjensidigheit er ein overordna verdi og ei rettesnor for Norec. At eit partnerskap er gjensidig betyr at alle både bidreg og får noko ut av det.

Alle partar er likeverdige i eit gjensidig partnerskap. Dei skal samarbeide om å utforme prosjekt, mål, rekruttering, følge opp deltakarar, samt ha openheit om ressursbruk og budsjett. Dei set seg individuelle mål i fellesskap, og samarbeider for å nå kvarandre sine målsettingar.


Gjensidigheit i eit partnerskap vert utvikla over tid. Ein må bygge tillit, som igjen fører til deling av ansvar, eigarskap til kvarandre sine resultat og ei felles forståing av utfordringar.

STRUKTUR

Norec har kontor i Førde og er organisert med direktør, to avdelingsdirektører og fem seksjonar, leia av kvar sin seksjonsleiar. Ved utgangen av 2020 var det 35 tilsette.

Leiinga i 2020 bestod av direktør, Jan Olav Baarøy, avdelingsdirektør for program, Marit Bakken, og avdelingsdirektør for verksemdstyring, Morten Rørvik. Verksemdstyring inneheld funksjonane kontor-administrasjon, arkiv, analyse, HR, IKT og økonomi.

ORGANISERING AV NOREC



TABELL 2 RESULTATKJEDE

Innsatsfaktorar	Aktivitetar	Produkt/tenester	Brukareffektar	Samfunneffektar
34,81 årsverk Kr 119 200 000 i samla tildeling	Legge til rette for internasjonal kompetanse-utveksling basert på gjensidighet	Uttevksling av 337 unge menneske mellom 175 partnarar i totalt 66 samarbeids-prosjekt	Dei som vert utveksla, utviklar nye ferdigheiter, erfaringar og haldningar. Institusjonar forbetrar sine leveransar og styrker sine internasjonale nettverk	Uttevkslingsdeltakarar og partnarorganisasjonar bidreg i utviklinga av eige lokalmiljø og styrkinga av siviltt samfunn

TABELL 3 UTVALDE NØKKELTAL

ÅRSTAL	2018	2019	2020
Tal deltakarar som reiste ut	580	615	337*
KJØNNFORDELING			
Menn	39 %	35 %	31 %
Kvinner	61 %	65 %	65 %
Anna	-	-	4 %
PARTNARAR FORDELT PÅ SEKTOR			
Privat sektor	13 %	11 %	9 %
Sivilt samfunn	73 %	75 %	76 %
Offentleg/halvoffentleg sektor	15 %	14 %	15 %
GEOGRAFISK FORDELING AV PARTNARAR I SØR			
Afrika (sør for Sahara)	62 %	54 %	54 %
Asia	30 %	38 %	39 %
Latin-Amerika	8 %	8 %	7 %
Andel prosjekt som involverer MUL-land	74 %	68,75 %	83 %

TABELL 4 UTVALDE NØKKELTAL FRÅ ÅRSREKNESKAPEN

NØKKELTAL FOR REKNESKAPEN 2017 - 2019	2018	2019	2020
Tal årsverk	37,33	36,76	34,81
Del løn av driftsutgifter	64,9 %	67,4 %	63,77 %
Utgifter til løn per årsverk	968 057	1 014 363	904 598
Samla tildeling kap 144.01 Driftsutgifter	59 213´	56 745´	53 710´
Utnyttelsesgrad kap 144.01 Driftsutgifter	93,97 %	97,44 %	91,92 %
Samla tildeling kap 160.77 Uttevkslingsordninger ⁴	142 000´	142 000´	70 824´
Utnyttelsesgrad kap 160.77 Uttevkslingsordninger	71,2 %	95,09 %	98,60 %

* 337 deltakarar vart rekruttert. Grunna covid-19 måtte mange avbryte utvekslinga, og nokre reiste aldri ut.

3 AKTIVITETAR OG RESULTAT 2020

Norec forvaltar tilskot for å styrke globale partnerskap som bidrar til berekraftig utvikling gjennom gjensidig kompetanseutveksling. Dette skjer hovudsakleg gjennom utveksling av personar mellom Norge og samarbeidsland i sør, og mellom ulike land i sør. Dei som reiser på utveksling utviklar nye ferdigheiter, erfaringar og haldningar. Verksemdene som er involvert betrar sine leveransar og styrkar sine internasjonale nettverk.

I tillegg til å forvalte tilskot til utvekslingsprosjekt, er også Norec eit kompetansesenter for utvekslingsamarbeid. Senteret bidrar med kompetanse og fagleg påfyll om kompetanseutveksling i internasjonale samarbeid, både til nasjonale og internasjonale aktørar.

Samandrag av årets aktivitetar og resultat

Covid-19 påverka Norec i stor grad i 2020. Strenge reiserestriksjonar gjorde at den fysiske utvekslinga vart sett på pause i mange av prosjekta som Norec støttar. Partnerar måtte også prioritere sitt arbeid lokalt. Hovudprioriteringa for Norec i 2020 vart å legge til rette for at eksisterande prosjekt kunne fortsette sine internasjonale partnerskap gjennom pandemien, sjølv om reiserestriksjonar gjorde fysisk utveksling tilnærma umogeleg. Vi har også prioritert arbeidet med å utvikle nye, digitale løysingar i utvekslingsprosjekt. Dette har bidratt til at partnerorganisasjonane har halde fram arbeidet sitt og dermed fått resultat i sine internasjonale samarbeid. Dette har også vore ei tydeleg prioritering frå Utanriksdepartementet.

Som kompetansesenter har Norec kunne oppretthalde tilnærma normal drift. Norec har organisert og delteke på ei rekke arrangement, forskning- og rådgivingsoppdrag dette året, som vart halde digitalt i staden for fysisk. Norec som organisasjon har tatt eit digitalt kvantesprang, og omstillinga har gjort Norec betre rusta til å levere fleire og betre digitale tenester – også etter at pandemien er over.



TABELL 5 UTVALDE NØKKELTAL UTVEKSLINGSORDNINGAR

NØKKELTAL PÅ UTVEKSLINGSORDNINGAR	2018	2019	2020
Tal deltakarar	580	615	337
Tal samarbeidsland	24	24	24
Tal samarbeidsorganisasjonar	226	228	175
Tal avtalar/prosjekt	76	80	66



MÅLOMRÅDE 1 - STIMULERE TIL BRUK AV UTVEKSLING

Målområde 1 i Norecs strategi rettar seg mot auka bruk av utveksling som metode i norsk utviklingspolitikk. Fokuset i 2020 vart grunna covid-19 i stor grad retta mot mogelegheitene innan digitale løysingar for utvekslingsamarbeid.

PRIORITERTE OMRÅDE

Norec har i 2020 kartlagt fleire mogelegheiter for andre måtar å jobbe med utveksling på.

Sikre kontinuitet i prosjekta

Norec fekk i oppdrag i tildelingsbrev 2 å finne fleksible løysingar tilpassa kvar einskild prosjektavtale, for å sikre størst mogeleg måloppnåing i prosjekta, trass i covid-19. Då pandemien braut ut, hadde Norec 700 deltakarar på utveksling. Førsteprioritet for Norec var å ivareta desse deltakarane. Deretter fekk alle prosjekt mogelegheit til å revidere og tilpasse sine avtalar ut frå egne behov og lokal kontekst. Prioriteringa vår var å sikre at viktige aktivitetar kunne halde fram og legge til rette for erfaringsutveksling om løysingar på tvers av land og lokal-samfunn. 64 av 70 prosjekt klarte å halde fram samarbeidet i nye, innovative måtar under pandemien.

Digitale løysingar kombinert med fysisk utveksling

Vi har starta arbeidet med å utvikle nye, digitale løysingar i utvekslingsprosjekt. Alle prosjekt som får støtte frå Norec samarbeider digitalt, i tillegg til dei fysiske utvekslingane. Dette gjeld i både planlegging og



gjennomføring av prosjekta. I 2020 måtte dette trappast opp til å også gjelde samarbeid på dagleg basis. Det digitale grunnlaget partnerskapa hadde frå før, gjorde det enklare for dei å halde fram med arbeidet under pandemien. Vi vil ta med oss læringa frå det digitale arbeidet vidare i utviklinga av tilskotordninga til Norec. Det er stor grunn til å tru at fysiske utvekslingar i framtida vil bli komplettert av ulike digitale måtar å utveksle kompetanse på.

Eksempel på korleis partnerane våre har omstilt seg under pandemien:

■ Digital oppfølging av mennesker som lever med hiv i Zambia og Malawi

Dei frivillige organisasjonane Pride Community Health Organization og Life Concern Organization jobbar med seksuell og reprodutiv helse (SRHR) og støtte til menneske med HIV/AIDS. Under pandemien har dei endra arbeidsform frå fysiske møter til digital oppfølging og sikra at menneske som lever med HIV framleis mottek livsviktig støtte.

■ Matproduksjon for å hindre fattigdom og sult i Nepal og India

I India og Nepal har organisasjonane IVDS og Parmarth Samaj Sevi Sansthan gitt opplæring i økologisk landbruk til migrantar frå urbane område, som står i fare for å falle inn i ekstrem fattigdom. Migrantane lærer korleis dei skal dyrke kjøkkenhagar, både til eige bruk og sal, samt korleis dei kan nytte seg av @ støtteordningar som er øyremerka landbruk.

■ Smittevern på sykehus i Malawi

Oslo Universitetssjukehus har under pandemien støtta sin partnerinstitusjon Queen Elizabeth Central Hospital i Malawi med nettbasert opplæring i smittevern.

■ Psykososial helse i Guatemala og Nicaragua

NGOane Fundated og CEDEHCA i Guatemala og Nicaragua jobbar til dagleg med psykososial helse. Dei tilbyr støtte til ofre for kjønnsbasert vald, vald i nære relasjon, alkoholisme og rusmisbruk. Desse utfordringane har forverra seg under pandemien, og er ei stor utfordring for lokalsamfunna. Organisasjonane samarbeider om å utvikle tilbudet, så det når ut til fleire.

■ Digital tilrettelagt yrkesopplæring i Sør-Afrika og Kenya

Royal Hairstyles og Rift Valley Institute of Business studies (yrkessenter/skoler i Sør-Afrika og Kenya) har gjort yrkesopplæringen digital, og tilbyr både online kurs og oppfølging av studenter via nett.

Samarbeid med Kunnskapsbanken

Norec har samarbeidd med Kunnskapsbanken i Norad om å finne synergjar mellom dei to einingane. Målet er å styrke fagleg samarbeid med utveksling som metode. Arbeidet vart noko forseinka grunna covid-19 og andre prioriteringar, men vil halde fram i 2021.

Nye samarbeid

Nye samarbeid har ikkje vore ein prioritet i 2020 grunna covid-19. Vi har godkjent fire nye avtalar og fått inn xx forundersøkingar, og desse har ikkje fysisk utveksling som ein komponent.

NETTVERK

Nettverksbygging er ein del av Norec sitt kommunikasjonsarbeid. Vi oppsøker etatar, organisasjonar og verksemder vi trur kan ha nytte av internasjonal utveksling. Sidan Norec flytta til Førde i 2018 har vi møtt meir enn 200 verksemder i inn- og utland. I 2020 retta vi oss mot aktører innan hav, klima og miljøvern, som er prioriterte område i norsk utviklingspolitikk. Covid gjorde at vi måtte gjøre møtene digitale i 2020, utan at dette reduserte aktivitetsnivået.

I tillegg til dette har vi jobba tettare mot norske ambassadar i samarbeidsland ,gjennom auka rapportering på landspesifikke aktivitetar. Dette arbeidet vil vi halde fram med i 2021.

KURS

2020 starta normalt. Norec hadde deltakararkurs i Hurdal (60 deltakarar), Kampala (112) og Johannesburg (85). Vi hadde Introduksjonskurs for nye partnerar i Addis Abeba (10) og Nairobi (32) og partnarkurs i Johannesburg (18).

På kvinnedagen, 08. mars, arrangerte Norecs sitt første kurs i Latin-Amerika for 36 deltakarar og 14 partnerkontaktar. Midtvegs i kurset bestemte vi oss for å avbryte, grunna covid-19. Fram til Bogota hadde Norec kursa 357 personar gjennom fysiske kurs. All kursverksemd etter mars viste seg å bli digital.



Digitale kurs

I løpet av få veker utvikla kursseksjonen eit digitalt tilbod som skulle erstatte det fysiske heimkomstseminaret vi normalt tilbyr heimvendte deltakarar. 101 deltakarar har deltatt på dette i løpet av året. Vi har eksperimentert med ulike plattformer og formar på innhaldet etter kvart som den digitale kompetansen har betra seg.

Kursevaluering

I løpet av hausten har Norec fått gjennomført ei ekstern evaluering av sine deltakarkurs. KPMG rapporterer at Norec oppnår svært gode resultat på sine læringsmål. Dei peikar på bevaringspunkt så vel som moglegheiter for å oppnå endå betre resultat. Ei av tilrådingane var å kombinere fysiske kurs med digitale komponentar. Covid førte til at vi tok fleire sjumilssteg i den digitale retninga. Det er likevel verdt å merke seg KPMGs anbefaling om at dei ikkje anbefaler å kutte ut dei fysiske kursa.

Ny digital læringsplattform

Siste halvår av 2020 har Norec jobba med å utvikle ein digital læringsplattform. Denne er klar til bruk januar 2021 og vil vere ein viktig kanal for formidling av kompetanse til og mellom partnerskapa.

MÅLOMRÅDE 2: KONSOLIDERE NOREC SOM KOMPETANSESENTER

Éin del av etableringa av Norec er å utvikle verksemda som eit kompetansesenter for internasjonal utveksling. Som kompetansesenter skal vi gje råd og aktivt støtte prosjektpartnerar med kurs og rettleiing. Kunnskapen er generert ut frå eigen data frå Norec-prosjekt, men også frå søsterorganisasjonar som jobbar med utveksling i andre land.

Kompetansesenteret har som mål å generere kunnskap frå gjennomførte prosjekt og kommunisere det til verksemdar som har internasjonale partnerskap som ønskjer å utvikle samarbeidet ved utveksling av frivillige eller medarbeidarar.

Norec har organisert og delteke på ei rekke arrangement, forskning- og rådgivingsoppdrag dette året. Alle fysiske konferansar og workshopar vart halde digitalt i staden for fysisk, og kunne difor gjennomførast til tross for covid-19. Organisering og deltaking skjer på tvers av einingane i Norec, og både leiing, program, kommunikasjon og nettverk er engasjert.


Hausten 2020 vart følgende oppdrag prioritert:

- Norec var «Partner of the Month» for UN South-South Galaxy. Dette er ein database med webside som skildrar og frammar gode eksempel på sør-sør- og triangulært samarbeid. Den favnar særleg om organisasjonar innan FN-systemet og multilaterale organ, man også næringsliv og sivilsamfunn.
- Vi organiserte eit webinar for 100 deltakarar frå heile Norge om inkludering på arbeidsplassen, med eit ekspertpanel med både praktisk og teoretisk kompetanse på mangfald og inkludering.
- Vi gjennomførte eit studie med fokus på integrasjon av utanlandsk arbeidskraft på arbeidsplassen. Studiet analyserte funn frå Norec sine brukarundersøkingar og gjorde casestudier av verksemdar som har mellom-tilsette frå andre land. Studiet viste at det er ein samheng mellom nøgde mellom-tilsette som har gode mentorordningar og ein tydeleg arbeidsbeskrivelse. Strategiar for inkludering og mangfaldsleiing vart framheva som nyttige verktøy for verksemdar til å lykkast i å legge til rette for inkludering utanlandske tilsette.
- Norec finansierte og bidrog inn i eit studie utført av International Forum for Volunteering in Development. Denne tok opp korleis utsending- og utvekslingsorganisasjonar har handtert pandemien, og om framtidsscenarioer for vår sektor etter pandemien. Studiet har blitt fulgt opp med ei rekke webinar om dette temaet.
- Totalt har Norec bidratt i ei rekkje eksterne evalueringar og rapportar i regi av internasjonale NGOar og multilaterale organisasjonar. Norec fulgte mellom anna opp sluttdokumentet frå konferansen BAPA+40 om sør-sør og triangulært samarbeid. Dette har skjedd gjennom deltaking i Global Partnership Initiative on Effective Triangular Cooperation. Der har vi medfinansiert koordinatorfunksjonen og delteke i arbeidsgruppa for analyse. Norec har også bidratt inn i ein OECD-publiksjon om triangulært samarbeid med sivilsamfunnsorganisasjonar i India.



I 2020 gav Norec ut ein rapport:

- [Temporary Workplace Integration](#)
Forfattar: Phd Elisabeth Sørfjorddal Hauge, Phd Kristin Stanwick Bårnås, Morten Grønås-Werring, Kristian Rostoft Boysen, Phd Marte Cecilie Wilhelmsen Solheim



MÅLOMRÅDE 3: VERE EIN PÅDRIVAR FOR MODERNE ARBEIDSMETODAR

Covid-19 har vist at det er fullt mogeleg å vere ein internasjonal arbeidsplass lokalisert i distrikts-Norge. Både kontakt med partnerar og sakshandsaming vart brått flytta over på digitale plattformer, og Norec sin kontorstad var med eitt mindre viktig. Norec hadde allereie brukt flyttinga til Førde til implementering av Teams og Office365 med skytenester. Dette gjorde at vi raskt kunne flytte drifta over på heimekontor, og dermed bekrefte at det er mogeleg å drive tilnærma normalt med desentraliserte arbeidsmetodar.

Med reisestopp har både program, kurs, nettverk og kommunikasjon måtte endre måten dei jobbar med partnerar, deltakarar og nye søkarar. Omstillinga har gjort Norec betre rusta til å levere fleire og betre digitale tenester – også etter at pandemien er over.

PRIORITERINGAR

Digital søknadsportal

Norec har i 2020 halde fram arbeidet med å få på plass ein digital søknadsportal. I løpet av året vart det bestemt å integrere Norec i Tilskotsportalen til UD og Norad. Målet er å forenkle søknadsprosessen og gjere Norec meir synlege for potensielle søkarar. Dette arbeidet vil halde fram i 2021.

Meir effektiv sakshandsaming i Dynamics

I 2020 har Norec oppgradert Dynamics for å få betre internkontroll og meir effektiv saksbehandling. Med nye Dynamics har kan vi få betre oversikt over partnerar og deltakarar, systematisere resultat, samt hente ut resultat over tid. Kursseksjonen har effektivisert kontakten med partnerar i forbindelse med kurs og automatisert påmeldinga som tidlegare vart gjort manuelt. Kommunikasjonsavdelinga brukar no Dynamics til nyhendebrev.

Synlege og tilgjengelege digitale plattformer

Norec lanserte nye nettsider januar 2020. Kommunikasjonsavdelinga har starta arbeidet med å lage ein ny kommunikasjonstrategi for Norec, for å gjere Norec meir kjent hos potensielle tilskotsmottakarar. Avdelinga jobbar med å forenkle og synleggjere Norec på alle plattformer.

EIN ATTRAKTIV ARBEIDSPASS OG EIT GODT ARBEIDSMILJØ

2020 har vore eit utfordrande år for Norec som organisasjon. Det er framleis svært gode søkartal på utlyste stillingar, men det har vore utfordrande å ta imot og lære opp nytilsette, når organisasjonen i hovudsak sit på heimekontor. På grunn av covid-situasjonen bestemte vi oss for å ikkje delta i Framtidsfylket si trainee-ordning i 2020. Dette vert starta opp att i 2021.

Som mange andre verksemder, har Norec også opplevd at belastninga ved heimekontor over tid treff svært ulike blant dei tilsette. Det er store variasjonar i korleis dei tilsette handterer heimekontor, noko som har ført til psykososiale utfordringar. Dette har medført ein auke i arbeidsrelaterte sjukemeldingar, i forhold til kva som er normalt i Norec. Tett oppfølging av leiarar og tilpassing av arbeidsoppgåver har gjort at dei fleste har klart overgangen til heimekontor på ein god måte.



4 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Driftsåret 2020 har vore prega av krisa knytta til covid-19. Det har vore utfordringar for eiga drift, og for korleis ein skal drifte prosjektporteføljen digitalt. Dette har sett både tilsette og tilskotsmottakarar på ei krevande prøve. Samtidig har det skapt nye moglegheiter og tidvis betre verktøy i verktøykassa.

I verksemdsplanen for 2020 vart følgjande overordna mål meldt inn til Utanriksdepartementet:

Mål 1 – Stimulere til bruk av utveksling i internasjonalt arbeid

- Norec driv oppsøkjande verksemd mot aktørar som kan ha nytte av utveksling i internasjonale partnerskap
- Norec legg til rette for erfaringsutveksling og nettverksbygging som resulterer i læring for partnerskapa.

Mål 2 – Konsolidere Norec som et Kompetansesenter

- Norec innhentar, produserer og systematiserer kunnskap relatert til utvekslingsverksemd i internasjonale partnerskap
- Norec formidlar utvekslingsfagleg kunnskap gjennom et mangfald av aktivitetar

Mål 3 – Norec er en pådrivar innan digitale arbeidsmetodar

- Norec har ei fleksibel, effektiv og tilpassingsdyktig forvaltning

Felles og overordna tema

- Norec er ein attraktiv arbeidsplass med godt arbeidsmiljø, og som tiltrekker seg, og utviklar medarbeidarar med kompetanse om utveksling
- Norec har redusert miljøbelastningar knytt til verksemda og bidratt til økt engasjement rundt miljøarbeid blant tilsette og samarbeidspartnarar.
- Norec fokuserer på dei fire tversgåande omsyna i norsk utviklingspolitikk; antikorupsjon, miljø, likestilling og menneskerettar.

Alternativ drift

Norec hadde allereie starta planlegging for alternativ drift, då dei nasjonale retningslinjene vart endra i mars 2020. Vi har hatt utstrekt bruk av heimekontor, med lange periodar der heile kontoret har vore stengt ned. I oktober 2020 fekk Norec eit smitteutbrot, der fire tilsette fekk påvist covid-19. Takka vere gode smittevern-rutinar vart smittespreiinga avgrensa, og situasjonen kom raskt under kontroll. Norec vil vidareføre fleksibilitet i val av heimekontor/fysisk oppmøte, også etter innflytting i nytt bygg.

Klargjering av nye, permanente lokale for Norec i Fjellvegen 9 har gått tilnærma som planlagt, med mindre endringar grunna covid-19. Innflytting vert i april/mai 2021.

Leiarutvikling

Som følgje ny organisasjonsmodell i 2019, der det vart tilsett fem seksjonsleiarar, valde Norec å gjennomføre eit leiarutviklingsprogram i 2020. Målet var å skape ein felles plattform for leing i etaten. AFF vart vald som



tilbydar, med eit program som inneheldt både felles sesjonar og individuell coaching for seksjonsleiarar og direktørkollegiet

Tryggleik og beredskap

Det har ikkje vore nokon alvorlege avvik i Norec innan tryggleik og beredskap i 2020. Etaten fekk prøvd beredskapsplanar og evna til krisehandtering i samband med evakuering og avvikling av prosjekt i perioden mars – mai 2020. Her støtta Norec prosjektpartnerane med å få returnert deltakarar til egne heimland før grensene stengde. Vi hadde eit pågåande kurs i Colombia idet pandemien braut ut, og fekk testa eigen kriseberedskap for å få tilsette og deltakarar trygt heim.

Internkontroll

Norec har sikra god økonomistyring, effektiv internkontroll og kvalitetssikring gjennom 2020. Vi ser at det er utfordringar med relativ høg turnover og rekruttering av personell med spesialisert fagbakgrunn og internasjonal erfaring. Dette har vore forventa etter flyttinga, og er eit prioritert område for oss framover. Norec vil i 2021 fortsette arbeidet med å forbetre risikostyringa i organisasjonen ved revisjon av prosedyrar og policyar, og ny gjennomgang av eigen internkontroll.



TABELL 6 SJUKEFRÅVER

SJUKEFRÅVÆR	2018	2019	2020
Eigen- og legemeldt fråvær i %	3,63 %	4,07 %	5,70 %

5 VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Vanlegvis ville denne delen omhandla progresjon fram mot 2030, tiltak for å nå målet om 750 deltakarar på utveksling innan 2022 og eit par optimistiske tankar om framtida i lys av at verda er betre i dag enn for 20 år sidan om vi ser andelen av verdas befolkning som lev i ekstrem fattigdom.

Men framtidsutsiktene per midten av februar 2021 er mildt sagt vanskelege å forutsjå. I 2030 kan 2020 stå som eit parentes i historia, der kloden fekk ein liten utsleppspause og økonomien rykka tilbake til ca. 2018-nivå. Eller så kan vi i 2030 sjå tilbake på 2020 som starten på nasjonaliseringa som gjorde at berekraftsmåla ikkje vart oppnådd då dei heilt og fullt er avhengige av globalt samarbeid. At nasjonaliseringa skaut fart ved at rike land sikra sine borgarar fleire dosar vaksine enn dei trengde, medan fattige land måtte dele det som var att, og det var ikkje nok.

Eller vi kan tenke: 2020 var starten på nytenking, innovasjon og eit auka fokus på korleis andre land har og gjer det. Norecs sitt samfunnsoppdrag er å støtte globale partnerskap og legge til rette for utveksling av personell mellom verksemdene. Dette kan berre skje når folk kan reise for å bu og arbeide i eit anna land, og det vil berre skje når vaksinasjonen mot covid-19 har nådd ein stor nok andel av befolkninga i landet.

Fram til at grensene blir opna, smittetrykket i verda minkar, reiseråd blir oppheva og det blir relativt trygt å reise på utveksling, så vil Norec framleis gjere alt vi kan for å halde partnerskap i gang og legge opp til alternative måtar å dele kunnskap og kompetanse på.

Så kan vi håpe at dei første deltakarane kanskje vil kunne reise på utveksling i løpet av 2021, og at vi ved inngangen til 2022 er oppe i det tempoet vi skal for å nå målet om at 750 personar skal får reise på utveksling i løpet av eit år. Om det skjer, då er vi berre eit år etter planen.

Om noko, har pandemien vist oss korleis vi kan sikre at fleire stemmer vert høyrte. Vi er alle einige i at zoom-møter aldri kan vere ei fullgod erstatning for det personlege møtet. Digitale møter fungerer i etablerte partnerskap, men ikkje like godt når ein skal skape nye. Kreativitet og gode diskusjonar gror best når ein er i same rom, utan varierende nett-tilgang og hyppige straumbrot.

Men moglegheitene i dei digitale verktøya er for verdifulle, til at vi kan ta til takke med verda slik den var.

I Norec starta vi 2020 med 220 partnarar i 70 partnerskap. Målet er å ha minst like mange ved utgangen av 2021, men med større variasjon i måten dei samarbeider på. Vi har fått ei oppgradert verktøykasse med nye digitale verktøy, og den skal brukast til det fulle, når koronapandemien går inn i historieboekene. Kombinasjonen av fysiske møter og digitale verktøy blir standarden for Norec – også når grensene opnar igjen.



6 ÅRSREKNESKAP

Føremål

Norec er eit statleg forvaltingsorgan underlagt Utanriksdepartementet. Norec skal ut frå eigen instruks medverke til å gjennomføre det overordna målet for Norge sitt samarbeid med utviklingsland.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt etter fastsettingar om økonomistyring i staten, tilhøyrande rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement.

Årsrekneskapen gir eit dekkande bilete av verksemda sine disponible tildelingar og rekneskapsførte utgifter, inntekter, fordringar og gjeld.

Norec fører og rapporterer verksemdsrekneskapen ut frå kontantprinsippet, slik det kjem fram av prinsippnoten til årsrekneskapen.

Årsrekneskapen skal gje eit korrekt uttrykk for ressursbruken dette året.

Vurderingar av vesentlege tilhøve ved årsrekneskapen

I 2020 har Norec hatt et samla budsjett på kr 124 534 000 kroner. Dette er fordelt på 53 710 000 kroner til drift og 70 824 000 i tilskuddmidler.

Regnskapet for 2020 viser et underforbruk på 4 338 523 kroner på drift og et underforbruk på 984 920 kroner på tilskudd. I budsjettet for 2020 var det tatt høyde for innkjøp av møbler, kontorutstyr og nødvendige utbedringer i fm nytt bygg i Førde. På grunn av Covid-19 ble det utsettelse i denne prosessen og kjøpene måtte flyttes ut i tid. Kombinert med et år med langt lavere reiseaktivitet enn normalt, og kansellerte arrangementer grunnet Covid.

Revisjonsordning

Rekneskapen til Norec vert revidert av Riksrevisjonen som stadfestar årsrekneskapen. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d. men det er forventet at revisjonsmeldinga vil vere klar i løpet av 2. kvartal 2021.

Prinsippnote Årsrekneskap

Årsrekneskapen for Norec er utarbeidd etter statens retningslinjer for økonomistyring. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 4.3.1, nærare bestemt i Finansdepartementets rundskriv R-115. Verksemda vert omfatta av nettoføringsordninga for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift, i statsforvaltinga gjeldande frå 2015.

Oppstilling av løyvingsrapportering og artskontorrapportering tek utgangspunkt i fråsegnene punkt 3.4.2 - dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følger kalenderår

- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp tilrettelagt for nettføringsordninga for meirverdiavgift i kap. 0144.01.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstilling av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i fråsegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal respondere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» skal vere lik i dei to oppstillingane.

Norec er knytt til statens konsernkontoordning i Norges Bank etter krav i fråsegnene pkt 3.8.1. Som brutto-budsjettert verksemd vert ikkje likvidar tilført gjennom året, men har ein trekkrett på eigen konsernkonto. Ved slutten av året vert saldoen på den einskilde oppgjerskonto nullstilt.

Løyvingsrapportering

Løyvingsrapportering viser rekneskapstal som Norec har rapportert til statsrekneskapen. Det vert stilt opp etter dei kapittel og postar i løyvingsrekneskapen som Norec har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og forpliktingar Norec står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev, og overført frå i fjor, for kvar kombinasjon av kapittel og post.

Artsrapportering

Oppstillinga av artskonto-rapportering er ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedeler og gjeld som inngår i mellomverande med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som Norec har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Norec har ein trekkrett på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og vert difor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Førde, 1. mars 2021



Jan Olav Baarøy
Direktør

168

PARTNARAR

SIVILT SAMFUNN76 %
 OFFENTLEG SEKTOR15 %
 PRIVAT SEKTOR9 %

FORBRUK OG UTGIFTER

TILSKOT

Forundersøking 1.4
 Samarbeidsavtaler nord/sør 33.1
 Samarbeidsavtaler sør/sør.....30.7
 Kurs for deltakarer
 og partnarer..... 4.6

TOTAL **69.8**

TILSKOT FORDELT PÅ OMRÅDE

MUL-LAND.....83 %
 PARTNARLAND I NORSK UTVIKLINGSPOLITIKK.....44,42 %
 AFRIKA SØR FOR SAHARA.....45 %

337

DELTAKARAR

♀ 65%
 ♂ 31%
 X 4%

DRIFTSUTGIFTER

Løn og sosiale kostnader 31.5
 Reisekostnader1.1
 Andre utgifter16.8

TOTAL **49.4**

Alle tal i millionar NOK


24

LAND

PARTNARORGANISASJONAR

Norge28

Bangladesh 14 Nepal20
 Kambodsja4 Vietnam5
 Kina.....1
 India.....10
 Myanmar3



Brasil.....1
 Colombia.....5
 Guatemala1
 Nicaragua3

Burundi1 Ghana.....1
 Etiopia.....3 Sør-Afrika..... 11
 Kenya14 Tanzania8
 Madagaskar 4 Uganda6
 Malawi 12 Zambia.....8
 Mosambik6 Zimbabwe.....3
 Rwanda.....1

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2020

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2020	Merutgift (-) og mindreforgift
0144	Driftsutgifter	01			53 710 000	49 371 477	4 338 523
0144	Tilskudd	70			70 824 000	69 839 080	984 920
1633	Nettoordning for mva i staten	01			0	2 942 581	
	<i>Sum utgiftsført</i>				124 534 000	122 153 139	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2020	Merinntekt og mindreinntekt(-)
5309	Ymse inntekter	29			0	1 388 175	
5700	Arbeidsgiveravgift - inntekt	72			0	3 847 215	
	<i>Sum inntektsført</i>				0	5 235 390	
	<i>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</i>					116 917 749	
	Kapitalkontoer						
60092101	Norges Bank KK /innbetalinger					9 124 909	
60092102	Norges Bank KK/utbetalinger					-126 215 508	
701111	Endring i mellomværende med statskassen					172 850	
	<i>Sum rapportert</i>					0	

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)

	31.12.2020	31.12.2019	Endring
xxxxxx [Aksjer]	0	0	0
701111 Mellomværende med statskassen	-1 554 645	-1 727 495	172 850

* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter (gjelder både for utgiftskapitler og inntektskapitler). Se note B *Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år* for nærmere forklaring.

Oppdatert rapporteringspakke per 31.12.2020 for bruttobudsjetterte virksomheter som fører regnskapet etter kontantprinsippet

Datoen i rapporteringspakken er oppdatert til 31.12.2020. Denne rapporteringspakken er tilpasset bruttobudsjetterte virksomheter som fører regnskapet etter kontantprinsippet.

Endringer i rapporteringspakke per 31.12.2020

Note B til bevilgningsrapporteringen

Det er i note B lagt til en ny kolonne "Fullmakt til å overskride bevilgning med overtid, reisetid og timelønn for november 2020". Denne kolonnen er kun aktuell for virksomheter som er lønnskunde av DFØ og som er berørt av omleggingen av utbetalingsløsningen i DFØ. Kolonnen skal vise beløp som gjelder overtid, reisetid og timelønn for november 2020 som virksomheten kan overskride årets bevilgning med jf. IX Fullmakt om utbetalingsløsning for overtid, reisetid og timelønn i 2020 under Finansdepartementets fullmakter til å overskride gitte bevilgninger i Prop. 1 S (2019-2020).

Note 3 Andre driftsutgifter

Linjen Andre fremmede tjenester er fjernet siden det fra 2019 er mulig å skille mellom kjøp av konsulenttjenester og kjøp av andre fremmede tjenester.

Veiledning til utfylling

Årsregnskapet skal vise regnskapstall for hele virksomheten samlet.

Årsregnskapet skal gi et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger og av regnskapsførte utgifter, inntekter, eiendeler og gjeld. Kravet om å gi et dekkende bilde innebærer at det kan være nødvendig å gi tilleggsinformasjon utover det som følger av bestemmelsene, slik at all relevant informasjon om virksomhetens disponible bevilgninger og regnskapsførte utgifter, inntekter, eiendeler og gjeld, fremgår av årsregnskapet. Virksomheten må vurdere om det er behov for ytterligere å spesifisere regnskapslinjer, legge til noter eller gi annen tilleggsinformasjon for at årsregnskapet skal gi et dekkende bilde.

Bevilgningsrapportering med noter

Oppstilling av bevilgningsrapportering følger oppstillingsplan i vedlegg 1A til rundskriv R-115 *Utarbeidelse og avleggelse av statlige virksometers årsregnskap*.

Det skal utarbeides note A *Forklaring av samlet tildeling* og note B *Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år* til bevilgningsrapporteringen. Det er anledning til å tilpasse notene for å gi utfyllende informasjon. Det er gitt nærmere veiledning til utarbeidelse av note A og B på DFØs nettsider Årsregnskap - DFØ (dfo.no).

Artskontorapportering med noter

Oppstilling av artskontorapportering følger oppstillingsplan i vedlegg 2 til rundskriv R-115 *Utarbeidelse og avleggelse av statlige virksometers årsregnskap*. Regnskapslinjer i artskontorapporteringen som ikke inneholder beløp kan slettes, men alle overskrifter må beholdes.

Virksomheter som fører regnskapet etter kontantprinsippet, skal utarbeide noter til artskontorapporteringen. Følgende noter skal som hovedregel utarbeides:

- innbetalinger fra drift
- utbetalinger til lønn
- andre utbetalinger til drift
- utbetaling til investeringer
- innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten
- tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten
- sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

Det er gitt nærmere veiledning til utarbeidelse av noten sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen på DFØs nettsider Årsregnskap - DFØ (dfo.no).

I noten for utbetalinger til lønn kan det være aktuelt for virksomheter som er lønnskunde av DFØ og som er berørt av omleggingen av utbetalingsløsningen i DFØ for overtid, reisetid og timelønn å kommentere dette dersom det gir vesentlige utslag i årets utbetalinger til lønn sammenlignet med fjorårets utbetalinger til lønn.

Notene skal knyttes til de aktuelle regnskapslinjene i oppstillingen og nummereres fortløpende.

Virksomheten kan unnlate å utarbeide noter dersom de aktuelle regnskapslinjene i oppstillingen ikke inneholder beløp. Notelinjer som ikke inneholder beløp kan slettes. En anbefaling til hvordan notene kan presenteres finner du i denne rapporteringsmalen. Det er anledning til å foreta endringer i den enkelte note for å øke detaljeringsgraden og tilpasse innholdet til virksomheten.

Mal for bevilgningsrapportering og artskontorrapportering med noter

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingsamarbeid

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
144.01	1 600 000	52 110 000	53 710 000
144.70		70 824 000	70 824 000
			0
			0

Mal for bevilgningsrapportering og artskontorrapportering med noter

Note B. Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Menngifte-/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(*)	Menngifte-/ mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(*) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(*)	Fullmakt til å overskride bevilgning med overtid, reisetid og time lønn og timelønn for november 2020*	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Miljø overførbart beløp beregnet av virksomheten
144 post 1	Drift	4.338.523		4.338.523					4.338.523		2 605 500

* Denne kolonnen er kun aktuell for virksomheter som er lønnskunde av DFØ og som er berørt av omleggingen av ubetalingsløsningen for overtid, reisetid og time lønn. Dette medfører at virksomheter som er lønnskunder av DFØ for regnskapsåret 2020 vil ubetale overtid for 13 måneder (november 2019 og januar til november 2020). Berørte virksomheter har fått fullmakt til å overskride bevilgning i 2020 tilsvarende engangs effekten knyttet til omlegging av ubetalingsløsningen i DFØ.
 **Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Opplysninger om avgitte belastningsfullmakter på inntektskapitler*

Kapittel og post	Merinntekt og mindreinntekt (+) iht. avgitte belastningsfullmakter (+)	Merinntekt og mindreinntekt (-) etter avgitte belastningsfullmakter (-)
3XXXXX		0
XXXXXX		0
XXXXXX		0

* Denne delen skal kun fylles ut og presenteres av virksomheter som har avgitt belastningsfullmakter på inntektskapitler.

Forklaring til bruk av budsjetfullmakter

Motatte belastningsfullmakter (gjelder for både utgiftskapitler og inntektskapitler)

Stikkordet «kan overføres»

Stikkordet «kan benyttes under»

Stikkordet «overslagsbevilgning»

Avgitte belastningsfullmakter (utgiftsført av andre på utgiftskapitler og inntektsført av andre på inntektskapitler)

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter

Fullmakt til å overskride investeringsbevilgninger mot tilsvarende innsparing under driftsbevilgninger under samme budsjettkapittel

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i de tre følgende budsjetår

Innsparing i regnskapsåret som følge av bruk av fullmakt til å overskride driftsbevilgninger til investeringsformål mot tilsvarende innsparing i de tre følgende budsjetår

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2020

	Note	2020	2019
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	1 388 175	1 807 909
Andre innbetalinger	1	0	0
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>		1 388 175	1 807 909
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	31 489 068	37 288 070
Andre utbetalinger til drift	3	21 063 198	30 399 012
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		52 552 266	67 687 082
Netto rapporterte driftsutgifter		51 164 091	65 879 174
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	1 355
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	1 355
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	1 441 081	355 024
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	4 906	4 916
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		1 445 987	359 940
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		1 445 987	358 585
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	0	250
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	250
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	65 212 304	122 216 289
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		65 212 304	122 216 289
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		0	0
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		3 847 215	4 533 067
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		2 942 581	2 232 403
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-904 634	-2 300 664
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		116 917 749	186 153 134

Oversikt over mellomværende med statskassen **

	2020	2019
Eiendeler og gjeld		
Fordringer	0	85 947
Kontanter	0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-1 110 597	-1 224 116
Skyldige offentlige avgifter	0	0
Annen gjeld	-444 048	-589 326
Sum mellomværende med statskassen	8	-1 227 495

* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

** Spesifiser og legg til linjer ved behov.

Kontrollsum:

116 917 749
116 917 749
0

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Sum innbetalinger fra gebyrer	0	0
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	0	0
<i>Salgs- og leieinntekter</i>		
Leieinntekt, avgiftspliktig	1 388 175	1 807 909
Sum salgs- og leieinntekter	1 388 175	1 807 909
<i>Andre innbetalinger</i>		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger fra drift	1 388 175	1 807 909

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2020	31.12.2019
Lønn	25 224 051	29 453 296
Arbeidsgiveravgift	3 847 215	4 533 067
Pensjonsutgifter*	2 926 477	2 865 344
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-1 324 071	-666 868
Andre ytelser	815 397	1 103 232
Sum utbetalinger til lønn	31 489 068	37 288 070
Antall utførte årsverk:	34,81	36,76

* Netto pensjonskostnader

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

KONTI: Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2020	31.12.2019
630-631 Husleie	4 186 852	4 510 394
660-662 Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
663 Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	0	-16 094
632-639 Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	653 079	497 742
664-669 Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	0	0
650-659 Mindre utstysansaffelser	374 475	471 153
640-649 Leie av maskiner, inventar og lignende	1 409 108	1 147 311
670-673 Kjøp av konsulenttjenester	3 646 897	2 424 735
674-679 Kjøp av andre fremmede tjenester	2 602 575	2 342 697
710-719 Reiser og diett	1 101 284	3 563 293
Øvrige driftsutgifter	7 088 928	15 457 783
Sum andre utbetalinger til drift	21 063 198	30 399 012

61*;62*;68*;69*;70*;720-787

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	1 355
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	1 355

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	4 906	4 916
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	4 906	4 916

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	155 719	129 517
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	1 285 361	225 508
Sum utbetaling til investeringer	1 441 081	355 024

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	0	0

Rapport kjørt:
19.01.2021
10:43:25

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

[Innholdfortegnelse](#)

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

	31.12.2020	31.12.2019
Tilfeldige og andre inntekter	0	250
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	0	250

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

KONTI: Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2020	31.12.2019
85*;86*;87* Tilskudd til kommuner, Forundersøkelser	1 893 447	2 882 105
85*;86*;87* Tilskudd til fylkeskommuner, Forundersøkelser	5 711 201	6 546 748
85*;86*;87* Tilskudd til ikke-finansielle foretak, Forundersøkelser	8 803 800	17 442 748
85*;86*;87* Tilskudd til ideelle organisasjoner, Forundersøkelser	17 873 569	40 446 571
85*;86*;87* Tilskudd til statsforvaltningen, Forundersøkelser	-231 072	7 118 900
85*;86*;87* Tilskudd FU Sør/Sør	31 161 359	47 779 218
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	65 212 304	122 216 289

Virksomhet: U1- Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Rapport kjørt: 19.01.2021

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

KONTI Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2020	31.12.2020	Forskjell
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	
Finansielle anleggsmidler			
130-138 NOT 134 134 Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
150 Kundefordringer	0	0	0
-152;157;170-179 190-192 Andre fordringer	605	0	605
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	605	0	605
Langsiktig gjeld			
220-222;229 Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
240 260-265;269 270-274;277;279 ;280-282;290-299 Leverandørgjeld	1 490 565	0	1 490 565
Skyldig skattetrekk	-1 038 812	-1 110 597	71 785
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	392	-444 048	444 440
Sum	452 145	-1 554 645	2 006 790
Sum	452 750	-1 554 645	2 007 395

* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

Ervervsdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap*
<i>Aksjer</i>						
Selskap 1						
Selskap 2						
Selskap 3						
Balanseført verdi 31.12.2020						0

* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.

Ved utfylling av note 8 del B skal tall fra selskapets siste avlagte årsregnskap benyttes. Det vil forekomme at selskap som virksomheten har eierandeler i ikke har offentliggjort sitt årsresultat før